

Bygdabladet

for BOKN



Sigeren i boks – s. 5



17. mai – s. 6



Snart slutt – s. 7

Bygdabladet for BOKN

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

BYGDABLANDNEMND

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

GJELDANDE ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 625,-
Halvside	kr. 375,-
Kvartside	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 62,-
Fastann./fargeann.	etter avtale



Stort forsidesbilde:

1. klasse
hausten 2009

Foto: Jardar
Havikbotn

1 . klassingane som byrjar på skulen 17. august:

Magnus G. Alvestad	Ådne D. Jøsang
Marte Alvestad	Madelene Knutsen
Emil Bokneberg	Viktor B. Nilsen
Emilie Bryningsland	Mathias Olsen
Torbjørn B. Christiansen	Kristoffer K. Solberg
Kenneth A. Espeland	Sindre K. Solberg
Vetle L. Faye	Isak S. Tjøsvoll
Martine Hesthammer	Fredrik Våga
Janne Jøsang	Vilde Øvrebø



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Team Hanne

Eg vil gratulere Team Hanne, og vår eigen Anne Tove Øvrebø, med sigeren i det Store Korslaget på TV2 laurdag 2. mai. Med knappast mogleg margin blei det koristane frå Haugalandet som vann premien på 500.000 kroner.

Team Hanne har gjennom heile våren levert solid korsong og koreografi i beste sendetid til heile landet, og eg var aldri i tvil om at haugalendingane ville kome heilt til finalen. Hanne Krogh, Anne Tove og resten av koret, har vore særst gode ambassadørar for regionen vår, og det var ekstra hyggelig at dette ikkje berre blei eit Hauge-sundsprosjekt, men ein kulturell dugnad der folk frå nabokommunane også deltok.

Pengepremien skal gå til eit fond for unge kulturtalent på Haugalandet. Dette er ein fornuftig måte å forvalte friske kulturmidler på, og som vil vera til god hjelp og inspirasjon for dei mange flinke og kreative ungdommane me har på Haugalandet.

Gratulere med sigeren og takk for flott underhaldning!

Tiltakspakke

I januar blei det kjent at kommunane hadde fått ei ekstra løyving for kommunale tiltak til vedlikehald. Bokn sitt

tilskott var på totalt 772.000 kroner, fordelt med 548.000 kroner som tilskott til vedlikehald og 224.000 som frie inntekter. Tiltakspakka skal brukast til vedlikehald, oppgradering og rehabilitering av kommunale bygg, anlegg og vegar.

I møte den 5. mai fordelte formannskapet midlene på aktuelle tiltak i Bokn kommune for inneverande år. Det blei då bestemt at ein skal rehabilitera og setja i stand to av leikeplassane som i 2006 blei rive etter kontroll av leikeplassinspektør. Det blei løyvd 150.000 kroner til dette tiltaket. Vidare blei

50.000 kroner løyvd til sikring av farlege område rundt skulen, samt nytt gjerde rundt fotballbanen i Føresvik.

Formannskapet nytta også høvet til å henta inn noko av vedlikehaldsetterslepet ein har på kommunale kaiar og løyvde 100.000 kroner til gjennomgang av tilstand og vedlikehald. Utover dette blei det løyvd midler også til andre mindre tiltak i kommunen, slik som utskifting av vindauger på Boknatun, rehabilitering av feristar og vedlikehald langs vegar og uteområde i kommunen.

Trafikkteljar i Føresvik
Foto: Kyrre Lindanger



Haugalandspakken

Styringsgruppa for Haugalandspakken bestemte i møte 30. april handlingsprogrammet for perioden 2010-2013. I denne sammenhengen kom fylkesveg 890 Føresvik-E39 inn i dei såkalla sekkepostiltaka som er prioritert i perioden. Med dette vedtaket kom til slutt alle Haugalandspakke-kommunane inn i handlingsprogrammet med prioriterte prosjekt. Lenge var Bokn og Sveio dei einaste kommunane som ikkje låg inne i pakken med sine prosjekt. Difor var det gledeleg at dei blei satt av 4 millionar kroner til utbetring av Føresvikvegen i perioden 2010-2013.

Dei siste 10 åra har ein hatt ei markant auke i trafikken på Føresvikvegen, frå E39 ved Knarholmen og til Føresvik sentrum. Trafikkavviklinga er ikkje optimal med den vegutforminga ein har i dag, og spesielt næringslivet i området har peika på utfordringa med å få fram store kjøretøy.

Av denne grunn trur eg tida er inne til å vurdere ei mogleg oppgradering av denne vegen og ei forlenging av sykkel- og gangsti til Knarholmen, og det blei i vinter starta ein prosess for å førebu dette arbeidet. Mellom anna har Bokn kommune hatt fleire møter med Statens Vegvesen om saka, og i veke

18 og 19 hadde ein utplassert ein trafikktejar som registrerte talet på passerande kjøretøy ved teljepunktet sør for miljøstasjonen i Føresvik. Desse registreringane vil vera med og danna grunnlaget for det vidare planleggingsarbeidet i området.

Reguleringsarbeidet vil truleg starta opp til hausten, og i fylgje samferdslesjef i Rogaland, Gunnar Eiterjord, vil sekkepostiltaka bli starta opp fortløpande når reguleringsplanane er klare i den enkelte kommune.

Ordføraren

Tina Børgesen Høyland har vore utplassert hos oss i Bygdabladet i 2 veke. Ho er 17 år og går på Vardafjell vid. skule på Medie & Kommunikasjon.

Ho er oppvaksten på Bokn, men nå bur ho og jobbar litt i Haugesund. På fritida held ho på med dein del fotografering, som er det kjekkaste ho veit. Spesielt naturfotografering. Tina spelar i Bokn brass og trives godt.

Etter vidaregåande skule har ho planar om å studera til dyrepleiar i Oslo. Ho elsker biologi og skal arbeide som dyrepleiar og biolog når ho blir stor.

Ho har planane klare, og veit kva ho vil bli.

Bygdabladet takkar for innsatsen og vel utført arbeid med bladet!



Det er ingen grunn til bekymring

Tina Børgesen Høyland

Svineinfluensaen har herja i media sidan i slutten på april. Sjukdomen har spredd seg til nærmare tretti land, inkludert Noreg. Fastlege på Bokn, Dag Helge Rønnevik informerer om at det ikkje er noko å vere bekymra for.

Svineinfluensa er ein variant av vanleg influensa, type A, som hrjar rundt i verda, spesielt om vinteren. Men det som er forskjellen på vanleg influensa og svineinfluensa, er at det har oppstått mutasjonar slik at viruset har forandra seg og kan smitte frå dyr til menneske, og så frå menneske til menneske.

Dag Helge Rønnevik vil informere alle om at svineinfluensa berre er eit normalt influensavirus, og at ingen bør være bekymra op nokon som helst måte. I media så blir alt framstilt mykje verre enn det er, og årsaka til at menneske har døydd av dette viruset, er fordi dei har vore sjuke frå før, eller hatt dårleg/feil medisinsk tilsyn.

Pandemi

I Noreg og resten av verda så er medisinen "tamiflu" flittig brukt. Denne medisinen er reseptbelagt og blir brukt til å kurere influensa. Den må ikkje brukast som eit førebyggjande middel, men berre viss influensa er påvist.

- Grunnen til at det blir omtalt som ein pandemi, er fordi det har oppstått eit

nytt virus, og ingen i befolkninga har blitt immune mot det ennå. Vi har heller ikkje nokon vaksine mot det. Det er eit heilt vanleg influensavirus, men som sagt, så tar verda det alvorleg fordi det ikkje finns vaksiner eller nokon immunitet mot det, seier fastlegen.

Førebygging

Svineinfluensaen starta i Mexico og har nå spredd seg til ca. tretti land. Det sprer seg slik som vanleg influensa, gjennom dråpesmitte. For å førebyggje smitten så meiner Dag Helge at det viktigaste nå vil vere å ikkje reise til område der det er påvist tilfeller av dette viruset.

- Lat oss nå seie at det blir påvist svineinfluensa hos nokon på Bokn. Viss ein då visste at ein hadde vore saman med desse, så ville det vere viktig å passe på hygiene og vaske hendene godt. Flasker med antibakteriell fungerer også bra. Dei som er sjuke, bør halde seg inne. Det er ingen grunn til å kjøpe munnbind eller hanskar. Sunn fornuft er det vi skal utstyre oss med nå, seier han.

Tamiflu

Det er ofte sagt i mediene at det er mange som hamstrar tamiflu. Dette har ikkje Bokn, Sveio eller Tysvær gjort. Dag Helge seier at viss det er nokon som blir sjuke på Bokn, så har

apoteka nok medisiner som kommune kan få. Noreg har eit stort lager med tamiflu, nærmere 1,2 millionar pakkjar, og alle skal få. Til slutt legg han til at han anbefalar folk å gå inn på folkehelseinstituttet si heimeside, der ein kan få svar på alt ein lurar på.

www.pandemi.no

Nettsida til Bokn kommune bør også kikkast på. Der legg Dag Helge regelmessig ut informasjon om influensaen og andre viktige saker.





Helgekurs i båtførarprøva 25. og 26. April

Anne E. Askeland



25 og 26 april deltok 31 personar på båtførarprøvekurs på Bokn.

Endå fleire kunne tenkja seg å delta, men nokre lyt diverre venta til kurs nummer 2, til hausten.

Deltakarane hadde fått beskjed om å møta på skulen og å ta med skrivesaker og passer. Vi såg for oss at dette ville bli ei arbeidskrevjande og intens helg for deltakarane.

Frå klokka 09 – 15 laurdag var det, med unnatak av 2 små fruktpausar og lunsj, hovedsakeleg fokus på teori. Sondag var opplegget av meir praktisk art; parallellforskyverar, passerar og kalkulator vart nødvendig verktoy for dei framkomte. Klokka 14 sondag, sat alle konsentrerte over "eksamenspapira" - stemninga var verkjeleg "til å ta og føle på"....

Arbeidsgruppa Helse og trivselsfremjande tiltak, med gruppeleiar Lars Arvid Norekvål "i baugen", tok i vår initiativ til å arrangere eit helgekurs i båtførarprøva. Bokn båtforening ved Terje Alvestad sa straks ja til å bidra. Dei gjekk bl.a til innkjøp av parallellforskyvera som kursdeltakarane fekk låna. Ein parallellforskyvar kostar nokre hundre kroner i innkjøp, så for ungdommane var dette eit svært nyttig tiltak.

Fleire bidrag

Bokn Sanitetsforening sitt bidrag gjorde utvilsamt sitt til at ein fekk ei flott ramme rundt kurset, noko som gjorde det til noko litt utanom det "ordinære": Saniteten, ved Reidun Grønnestad, tok ansvar for å bestille og handle inn mat til begge kursdagane: laurdagen fekk rett i underkant av 100 pølser i brød vind i segla og symjeføter på og sundagen gjekk det med mange liter med velsmakande lapskaus.

Stort engasjement

Lars Sigmund Alvestad la ned mange arbeidstimar både i førebuinga av kurset, gjennomføringa og også når det gjeld etterarbeidet som fylgde.

Ikkje nok med at han stilte opp som fagleg ansvarleg; han hadde i tillegg sørga for å skaffe til veie 2 flotte flytevestar til 2 heldige vinnarar: Dei 2 som fekk best score på prøven vil få utdelt kvar sin nye flytevest på båtdagen som arrangeres i Føresvik 21. juni.

Som prosjektleiar er det berre å ta av seg hatten for denne type engasjement og vilje til å stilla opp - på dugnad. Stilte opp gjorde for øvrig også Geir Ognøy som hadde den store oppgåva med å retta prøvane. Jostein Larsen bidro som hjelpelærer, dette til og med på svært kort varsel. Sist, men ikkje minst; Arild Ognøy - takk for at du stilte opp begge dagane, like smilande og blid som du alltid er! Anne L. Faye, May Jorunn Vatnaland og Arne Hosås stilte blide opp til kjøkken tene: vel utført av dei alle saman!



Nei, eg har slett ikkje gløymt dei: Deltakarane på kurset tok verkjeleg i eit tak siste helga i april. Dei tok eit tak for å sikre seg kunnskap om sikkerheit til

sjøs, både for sin eigen, men og for andre sin del. Dei skal difor ha honnør for at dei tek ansvar. Vi vil no oppfordra andre til å fylgja deira eksempel og gjere det same.

Ny forskrift

Er du fødd 01.01. 1980 eller seinare og ynskjer å føre fritidsbåt med lengde over 8 meter eller som har motor med

effekt på meir enn 25 hK, lyt du frå 01. 05. 2010 vise til at du har båtførarbevis for å kunne gjere dette.

Sjøfartsdirektoratet har no fastsatt forskrifta som regulerer vilkåra for obligatorisk båtførarbevis. Etter at Regjeringa hausten 2008 beslutta å innføre obligatorisk båtførarbevis har Sjøfartsdirektoratets avdeling for Sjøvett og fritidsfartøy, i samarbeid med regelverksavdelinga, arbeida med tilpassing av forskrifta til den nye ordninga. Den nye forskrifta blei i mars gjort tilgjengeleg på Lovdata sine sider; ordninga trer i kraft 01.05. 2010.

(Ref: www.sjofartsdir.no/no/V_i_s_S_j_o_v_e_t_t/_Obligatorisk_batforerbevis/3129/...)

For personar fødd før 01.01.1980, vil ikkje ordninga få nokon praktisk betydning i og med at denne gruppa er unntatt frå kravet om obligatorisk bevis. Dei største endringane for dei under 16 år vil vera at dei må vera fylt 14 år før dei kan ta båtførarprøva. Det har ikkje vore begrensingar på dette tidlegare. Ein vil ikkje få utstedt bevis før fylte 16 år.

Sikkerheit til lands og til vanns er av stor betydning i førebuinga av ulukker. Kvar og ein av oss har eit ansvar i så måte.

På vegne av alle dei involverte: Ha ein flott sommar, både ved og om bord i båt, tenk sikkerheit – både for eigen, men like mykje for andre sin del. Det vert så mykje kjekkare for alle då, ikkje sant?



Sigeren i boks

Tina Børgesen Høyland

"Det store korslaget" er no over etter sju veker med intens musikkonkurranse og såre stemmer. Det var Haugesund-koret som stakk av med sigeren, og Anne Tove Øvrebø frå "Team-Hanne" har endå ikkje heilt kome over det.

- Det er så merkeleg, for eg hugsar enno ikkje øyeblikket då me fekk vite at me hadde vunne alt.

Både "Team Hanne" og "Team Jørn" stod klar på scenen og venta på resultatet frå finalen i "Det store korslaget". Publikum var stort sett heilt stille, men ein kunne regelmessig høyre nokon som ropte og heia på sitt favorittkor. Programleiar Guri Solberg smilte lurt til kamera og sa resultatet.

- Og vinnarane er "Team Hanne".

Det store korslaget har vore ei stor oppleving for Bokn-jenta. Ho har lært mykje om både sang, tv-produksjon, samarbeid og kor travelt det eigentleg er å starte og halde eit kor gåande. Det har vore øvingar til seint på kveld kvar dag i Haugesund, og generalprøvar og kostymeprovning på fredagane og laurdagane i Oslo. Men sjølv om det har vore travelt så har det vore så kjekt og morsomt at alt stress bare har forsvunne.

Skummelt i begynnelsen.

Korslaget heldt på i nesten to månader, og det heile starta med auditions i Haugesund. Anne Tove var både på audition i Oslo og Haugesund. Dette var fordi ho allereie var i Oslo då Hanne Krogh ringde for å spørje om ho ville vere med i korslaget.

Anne Tove innrømmer at ho syns det var veldig skummelt i begynnelsen og at ho ikkje var så sikker på kva ho hadde meldt seg på. Ho har aldri likt auditions og syns det er litt ubehageleg å stå så tett innpå ukjende menneske å syngje, for så å bli vurdert om det var bra nok. Men ho var meir enn flink nok og blei med i koret. Nå når korslaget er over, har det vore litt vanskeleg for songfuglen å vende tilbake til det normale livet.

- Det har seg ikkje sånn at eg har fritidsproblem, men det har vore ein så stor overgang frå alt det som har vore, og over til sånn som det er no. Nå går ikkje kveldene lenger til øving, men til alt det som eg har lagt til sides medan korslaget heldt på.

Stemte på eige kor

I pausen, når det på tv blei sendt nyheiter, var stemninga på topp bak scenen i studioet. Alle var i full gong



"Team Hanne" i studio: Anne Tove og resten av kormedlemma etter eit vel utført show. Her har dei nettopp sunget "Reis meg opp" som har blitt ein favoritt blandt seerane. Fotograf: Ken Alvin Jensen

med å skifte kostymer, snakke om kveldens opptredener og sjølv sagt stemme. Alle kormedlemmene stemte på seg sjølv og håpa på det beste. Det var også ein god del song, og kampsongane blei flittig brukt. Siden det var finale, så var alle kora på plass, og Anne Tove syns samholdet blei veldig sterkt når ein er saman med dei same menneska kvar dag.

- Viss me ikkje hadde greid å halde kontakten etter dette så hadde eg nok gått inn i ein depresjonsperiode. Men me greier det fint og snakkar med hverandre så ofte som mogeleg, seier den lykkelege boknaren.

Anne Tove jobber på Bokn skule og har fått ein god del oppmerksomhet frå dei minste der. Ho seier at det ofte skjer ho skvett til når det står eit par ungar utafør kontorvindaugget hennar og vinkar. Men utanom det så er det berre koseleg med gode tilbakemeldingar, seier ho. Familien hennar er kanskje dei som har stemt mest, og ho er veldig glad i dei for at dei har støtta ho og at dei er så glad på hennar vegne.

Vegen vidare

"Team Hanne" heldt to konsertar 7. Mai og ein ekstra konsert 8. Mai, alle tre i Festiviteten. Det er ikkje planlagt nokon fleire konsertar, men ho seier at dei absolutt vil prøve å få til noko meir. Dei har lyst å spele inn cd, men

det er ennå ikkje ferdig diskutert.

På Bokn Skule er Anne Tove med i musikkskulen, og ho kunne godt tenke seg å starte opp eit eller fleire kor.

- Eg hadde først tenkt på eit ungdomskor, men det er så mange vaksne som også kunne tenkje seg å vere med, så då må det vel bli to eller eit stort samla kor.

Tusen Takk!

- Eg vil bare få seie tusen takk til alle boknerar som har støtta meg og koret ved å stemme på oss. Det har vore veldig kjekt å kome heim til så positiv respons! Eg føler eg har fått god støtte og føler meg veldig velkommen her på Bokn etter mange år i Oslo, avsluttar Anne Tove.

Falkeid Midshipmen

Tina Børgesen Høyland

Det er blitt etablert to lag i amerikansk fotball i Falkeid idrettslag. Eit juniorlag, og eit seniorlag. Begge laga ynskjer 30 – 40 spillere, og rekrutterer på Haugalandet.

Amerikansk fotball er ein lagsport som mange forbind med vanleg fotball eller det som kalles rugby. Men i motsetning til rugby og fotball så sparkes ikkje ballen noko særleg i amerikansk fotball. Man flyttar ballen enten ved å kasta den eller bæra den med seg når ein spring. Poenget med sporten er å få ballen inn i "end zone" på motstandarens banehalvdel, eller sparke den mellom målstengene.

Falkeid Midshipmen

Laget i Falkeid heiter "Falkeid Midshipmen", og har treningar kvar onsdag og fredag. Der øver dei på alt frå taklingar til "rop". Det er fyste gongen det har blitt etablert eit amerikansk fotballag på Haugalandet. Ein av trenerane, Mario Hagenkötter, som har spilt profesjonelt i Tyskland, håpar på positive tilbakemeldingar og at folk har lyst å bli med i laget.

Cheerleading

Det vil også bli starta opp cheerleading for dei som vil vere med på det. Cheerleading er ein sport som lager organiserte rutiner for å heia på idrettslag på kampar og/eller som ein konkurransesport.

Interessert?

Viss ein er lei av vanleg fotball eller andre aktivitetar, som allereie eksisterer, så kan dette vere ein kjekk forandring. Amerikansk fotball er ein utfordrande, men også grei sport. Det er absolutt verd ein tur innom laget for å prøvespela, eller sjå på. Alle er hjertelig velkomne.



Glimt frå 17. mai feiringa

Telst: Annette Bokneberg - Foto: Elisabet Taraldlien

17. mai starta allerede i grålysinga med mopedkøyring, og salutt frå Boknafjellet. Etter gudstenesta i kyrkja var det klart for oppstilling.



Toget i kyrkjebakken



Barnekoret med opptreden i gymsalen

Også i år var Musikkorpset avhengige av forsterkingar for å kunne spela. Ein spesiell takk til Wolfgang, Lillian, Kristi, Oddrun, Gry, Elisa og Ingunn.

Toget hadde ein kort stopp ved Boknattun for speling av nasjonalsongar ved sjukestova. Så var det tid for kapp-øving i Føresvik.

På skulen samla det seg raskt mange som var både tørste og svoltne.

9. klasse sto for matserving i gymsalen, og Idrettslaget hadde kiosksalet.



Bunadkleddede musikantar med nypussa messing.

Det vart halden ein flott tale for dagen ved Hanne Marte Vatnaland. Benedicte O. Mæland og Kaj Raymond Mikkelsen heldt ein god appell.

Det var elles ein flott dag med mange aktivitetar for både store og små. Dei fleste av Bokn sine organisasjonar var med på denne dagen

Øyvind Børgesen og Marius Sunde var lydansvarlege. Ein stor takk til begge!



Første offisielle kamp i den nye ballbingen: 8. klassingar mot foreldra. Ungdommane vann kampen!



Ordføraren opna den nye ballbingen ved idrettshuset.



Skyttarlaget arrangerte luftgeværskyting

Snart slutt for dei eldste elevane på Bokn Skule

Tina Børgesen Høyland

10-klasse på Bokn skule er snart ferdige med eksamen og skulest-ress, men etter sommarferien blir det ein ny start på livet i vide-regående.

No nærmar det seg sommarferie og terminslutt på Bokn Skule. Det er 13 spente elevar som snart er ferdige med ti lange år på grunnskule. Det er mange forskjellige planar og ynskje om kva dei skal driva på med seinare. Nokon vil bli matrosar, mens andre vil bli sjukepleiarar.

Gruer seg til eksamen

Klassen hadde skriftleg eksamen i engelsk den 15. mai. Det var blanda følelsar om denne store prøven. Nokon ville helst opp i norsk, mens andre ikkje hadde hatt noko imot matematikk. Etter skriftleg eksamen skal dei opp i muntleg eksamen. Då kan dei kome opp i språk, naturfag eller matematikk. Dei vil helst ikkje opp i språk, sidan der er tysk og spansk nokon av alternativa.

Det blei inngått ein del veddemål angående skriftleg eksamen. Viss klassen kom opp i kva som helst, bortsett frå norsk, så skulle dei få sjokoladekake av læraren sin, Brit Opsal. Eit av dei andre var at viss dei kom opp i matematikk, så skulle Merete Alvestad, som er ein ansatt på skulen, laga taco til dei. To av elevane i klassen, Silje Eide og Karina Kjetland, skulle springe fem rundar rundt skulen om dei kom opp i kva som helst, bortsett frå



Bak fv. Alexander Olaussen, Øyvind Birknes Langhelle, Glen Riber, Karl Andreas Grinde Pedersen, Thomas Hognaland Fostenes, Marius Sunde & Andreas Ytreland Gabrielsen. Foran fv. Lærer Brit Opsal, Silje Aksdal Knutsen, Karina Kjetland, Silje Eide, Irmelin Taraldlien, Åse Kvinnesland Øvrebø, assistent May Elisabeth Alvestad & Charlotte Emilie Olaussen.

engelsk, men det slapp dei, og heile klassen skal få sjokoladekake.

Forslag til forbetring

Miljøet på Bokn Skule er veldig bra, og det er det også i klasserommet til 10-klasse. Alle kjem overeins og snakkar ope til kvarandre om det meste. Dei har klassens time kvar fredag og då diskuterer dei helst om kva dei vil skal bli forbetra på skulen. Det er mykje forskjellige gode forslag, der nokon har eksistert veldig lenge. Kortare bussruter er ein av dei. Gymsalen blir også ofte diskutert. Den er alt for varm, meiner elevane, og gjerda rundt grasbanen kan også "pussast" opp, syns dei.

Kjem til å sakne Bokn

Nokon av elevane skal pendle når dei byrjar på vidaregående, mens andre har tenkt å bu i Haugesund, men alle er enige om at dei kjem til å savne Bokn når dei drar her i frå. Det som til vanleg skjer, er at dei kjem tilbake ein gong.

Leraren deira, Brit Opsal, ser lyst på framtida til elevane sine og trur alle kjem til å greie seg heilt fint!

Bygdabladet ynskjer elevane lukke til ved eksamen og vidare i livet.

Kulturkalenderen

Endringar sidan sist/nye arr. blir **utheva**

Juni

- 05.-07. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Vandrartroppestur til Vågholmen
- 06. 07. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Krinsleir for oppdagarar og stifinnarar på Blikshavn
- 08. Bokn bedehus: Møte – Misjonssambandet kl. 19.00
- 12. Bygdekinoen
- 14. Gudsteneste kl 11.00 ute i Loten
- 14. Familiespeiding kl. 15.00 i Ognahavn - arr. Bokn KFUM/KFUK
- 16. Kommunestyremøte
- 20. KM3 i trial, arr. Pluggen motorklubb
- 23. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Jonsokfeiring på Fyren kl. 18.00
- 28. Gudsteneste kl 11.00

Juli

- 11. Sommarmarked i Føresvik

August

Primo Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Kanotur på Nidelva for vandrarar (dato kjem seinare)

- 31. **Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**

September

- 06. **NMS har misjonsfest på bedehuset kl. 19.00**
- 14. **Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**
- 20. **ABR-senteret har møte på bedehuset kl. 19.00**
- 25. **Bedehusbasaren kl. 19.00**
- 28. **Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**

Oktober

- 07. **Den Indre Sjømannsmisjonen har basar på bedehuset kl. 19.00**
- 12. **Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**
- 15. **Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00**
- 18. **Normisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00**
- 26. **Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**
- 28. **Israelsmisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00**

November

- 06. **ABR-senteret har basar på bedehuset kl. 19.00**
- 09. **Bibellesing på bedehuset kl. 19.30**
- 13. **Kulturkveld på bedehuset kl. 19.00**
- 18. **Samemisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00**
- 22. **NMS har møte på bedehuset kl. 19.30**
- 23. **Bibellesing på bedehuset kl. 19.30**

Desember

- 07. **Bibellesing på bedehuset kl. 19.30**
- 20. **Juletefest på bedehuset kl. 15.00**
Arr: Sundagsskulen og Speidaren
- 28. **Juletefest (familiefest) på bedehuset kl. 17.00**
Arr.:Frelsesarmeen og bedehusstyret



Gratulerer!

Bygdabladet presenterer små og store jubilarar, både her i papirversjonen og på bokn.no

Du kan senda inn bilde og ein liten tekst på fleire måtar:

E-POST:
post@bygdabladet.no

MMS:
98 22 15 08

RUBRIKKANN.
www.bokn.no/index.cfm?id=127852



Heidi Aksdal

Gratulerer med dagen din 19. mai, Heidi

Hilsen hele familien din



Sofie Øvrebø

Hipp Hurra, Gratulerer med 5 årsdagen, den 19. mai

Stor klem fra Line, Stian, pappa og mamma



Eg vil gjerne gratulera mi evigunge mor, **Ingebjørg Larsen**, med 61 årsdagen den 15. mai.

Klem fra hu yngsta som aldri klare å holda seg innenlands;)



Stian Øvrebø

Hipp Hurra, gratulerer med 3 årsdagen, 11. mai

Stor klem fra Line, Sofie, pappa og mamma

Gymsal, kveld

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Danseskule	15.00 - 16.30	Wendy Riber
	Barnetrimmen	16.45 - 17.45	C. B. Knutsen
	Fotball G10/11	18.00 - 19.30	Cliff Olaussen
	Bokn musikkorps	20.00 - 22.00	J. Havikbotn
Tys	Danseskule	14.15 - 18.00	Wendy Riber
	Friskis & Svettis	19.30 - 20.30	Anette Våga
Ons	Danseskule	13.15 - 16.45	Wendy Riber
	Fotball G9	17.00 - 18.15	Roger Jøsang
	Fotball J12/J13	18.15 - 19.30	Louis Medhaug
Tor	Volleyball, ungdom	19.00 - 20.00	Rita Bokneberg
	Volleyball, vaksne	20.00 - 22.00	Rita Bokneberg

Songar & tekstar frå Bokn

Bygdabladet ynskjer å samla songar og andre tekstar som på ulike måtar handlar om Bokn. I kvart blad framover vil me presentera slike tekstar, kjende for mange og ukjende for andre.

Me har ein del tekstar liggande, men kanskje ikkje alle. Eg vil oppfordra lesarar som har slike tekstar liggande om å koma med/ senda inn dette, slik at me kan ta ein kopi og arkivera dei.

I forrige blad blei tidlegare folkehøgskulelærar Vagleik Rosseland sin song BOKN presentert. Denne gongen er det klart for STEVJESONG - GAMAL MANN av Julius Håland.

Songen stod i "For bygd og by" nr. 11 i 1925, men han blei skriven fleire år tidlegare.

Melodien er ukjent for undertekna, og Bygdabladet er interessert i å koma i kontakt med dei som kan synga denne songen.

- redaktøren -

STEVJESONG - GAMAL MANN

I gamle dagar kring åreelden sat heimefolket den seine kvelden, og medan veden så lystig brann gjekk røda ofta om folk og land.

Og stundom tok dei så til å kveda i skjemt og ålvor um sorg og gleda, og det som vyrndad hjå folket vann gjekk ofte sidan frå mann til mann.

Kvar svara til som då best dei kunne helst var det slik det slikt som dei sjølv hadde spunne? og slik ei kveldsstund gav kveik og mod til livscus? striden som fyrestod.

No vil eg spyrjgja i dette laget um me sku freista det same laget, Det kveikjen hugen, for songen fær løyst dulde kjensler i barn du bær

GAMMAL KONE:

Ja eg er gamal og grå i håret, og ryggje bøygjest for kvart eit året. og røysti skrukmar som kinni inn, og songen vert nok båd skral og skrinn.

Men eg skal freista om eg kan svara, ok ikkje nokon må sjølv seg spara. Når berre alle sitt beste gjer. Då skal det verta så hugsamt her.

UNG GJENTA (gammel stevtone)

Eg er ung og lite røynd. Så eg lyt helst få spyrjgja. For mykje hev eg i livet drøymd, det kann eg ikkje dylgja.

Det lykkjest meg som folket no saknar sin heimhugnad. der kvar med heilag kjærleiksglod sku finna trøyst og lagnad.

No reiser burt båd møy og gut helst ut i vide verdi. So gløymer dei heimen av til slut og endar der ute ferdi.

KONA:

Aa ja det tykkjest ved trøngt der inne i låge stova på bøen skrinne, når tonar utanfrå verdi sto ber bod um hallar og høge kor.

GJENTA:

Heime gjeng strævar mor og far, men liver endå i voni til dei lyt selgja båd hus og gard og sit et einslig med fjoni

UNG GUT:

For mange det er vel sånt å sjå at folk frå landet stemmer men kven kan finna boteråd so straumen heimat vender?

KONA:

Det er vel utlengt som dreg og lokkar dei unge ute og gjenteflokkar i draum eit eventyrland dei såg i sol og sæla det for deim låg

Det vinka blidsleg med gull og æra og lette byrder der var og bæra. Men denne hildrande utferdstrong vert sorg og saknad så mang ein gong.

Det som få dagar dei skulde gjeva det gav ei åri um hardt dei streva. Mot målet aldri dei fram seg vann og lukke-landet dei ikkje fann

GUTEN:

Aarelden heilag var for dei gamle feder. Djerve krigar-kjempa bar fredsmerket der med heider.

Kvar er no den alfar-eld som fredar lyd og heimar? Kvar er no det samlingsfeld for trøtte ferda-sveinar.

MANNEN:

So mange skind som so mange hugar ein pliktar heime, ein ute stugar. Kvar hev sitt rette då vert ein stor.

ALLE:

Som ljosi blenkjer kring altar-ringar når folke saman i von seg kringar so skulde heimen i ljosglans stå or alle dei som fer ut der frå.

Når skodd og myrker då vegen stengde og tvil og motløyså fram seg hengde, sku heime-minni for augo stå og syna leidi dei skulde gå.

Julius Håland

Ta naturen i bruk!

Det er mange som tek naturen i Bokn i bruk og ein ser stadig fleire navn i bøkene som er lagt ut både på Boknahåvet, Boknafjellet og Varafjellet. Vi noterer med glede at boknarane er flinke til å ta ansvar for eiga helse og eigen trivsel.

Hugs å notere navnet ditt i boka når du har nådd toppen. På slutten av året

blir det trekning der ein vil få mulighet til å vinne fine premiar; så fortsett å gå!!

På vegne av arbeidsgruppa Ta naturen i bruk, *Kjekt på Bokn*

Torny Rossebø



Fin utvikling på Bokn legekontor

Dag Helge Rønnevik

Betalingsterminal

Det har lenge vært et ønske både fra de ansatte på legekantoret og pasientene om å få betalingsterminal på legekantoret. I en tid da 4 av 5 foretrekker å betale med kort vil det være et skritt videre for Bokn legekantor å kunne tilby denne tjenesten. Kommunen er derfor glade for å kunne gi den gode nyheten at det i løpet av få uker vil være mulig å betale med kort på Bokn legekantor!

Norsk helsenett

Legekantoret er i sluttfasen med å få installert Norsk Helsenett som skal muliggjøre digital kommunikasjon mellom legekantor og andre aktører i helsevesenet, først og fremst sykehusene. I praksis vil det si at epikriser (sluttrapporter etter sykehusopphold), røntgenvar, blodprøvesvar m.m. sendes elektronisk som en e-post istedenfor

i brev form og vanlig postgang. Det vil gjøre at samhandlingen mellom 1. og 2. linjetjenesten blir raskere, det sparer oss for mye unødige papirer og det frigjør tid og ressurser på legekantoret som ellers ville vært brukt til å scanne inn all papir-posten som kom inn. Dette er en milepæl for Bokn legekantor, og takk til kommunen og IT-ansvarlig Ture Kristiansen som har hjulpet oss med å få dette til!

Flere og flere bestiller time via internett eller SMS

Det er en økning i antall timebestillinger via internett eller SMS. Dette er praktisk både for pasientene og for legekantoret. Løsningen leveres av firmaet "Helserespons" og er i bruk ved mange legekantor rundt om i landet. Personvernet er godt ivarettatt og gjør at du som pasient slipper å sitte i telefonkø

for å få bestilt time. Det koster 5,- per melding du sender.

Økende antall pasienter

Ved oppstart i mars 2008 overtok dr Rønnevik en liste på 257 pasienter. Listen har i løpet av det første året økt til 432, noe vi må si oss godt fornøyd med. Det merkes at timeboken blir stadig fullere, og den siste måneden har det til og med vært noen dager ventetid for å få time. Etter sommeren vil konsultasjonsvarigheten derfor bli satt ned fra 30 til 20 minutter for å få plass til flere pasienter. Det er fortsatt plass til 147 pasienter, og for å bytte fastlege går du inn på www.nav.no og bytter selv. Du kan også komme innom så hjelper vi deg.

Du finner mer info om legekantoret på kommunens hjemmeside www.bokn.no.

Bruk av Bokn legevakt (52 74 85 22)

Dag Helge Rønnevik

AMK (akuttmedisinsk kommunikasjonsentral) på sykehuset i Haugesund betjener legevakttelefonene til kommunene på Haugalandet. Dvs. når du ringer nummeret til Bokn legevakt er det en sykepleier på AMK som svarer. På dagtid blir du satt i kontakt med dr Rønnevik på Bokn, på kveldstid og i helgene blir du satt i kontakt med vakthavende lege i Aksdal (Bokn har jo felles legevaktordning med Sveio og Tysvær). Bokn kommune er forpliktet til å ha sitt eget legevaktnummer som er **52 74 85 22**.

Statistikk fra AMK

Vi har fått statistikk fra AMK med oversikt over hvordan Bokn legevakt blir brukt:

- 2007: totalt 416 henvendelser (16 akutt, 71 haste og 329 vanlige)
- 2008: totalt 468 henvendelser (23 akutt, 86 haste og 359 vanlige)
- 2009 (t.o.m. mars) har det vært 119 henvendelser, noe som er 10 færre enn for samme periode året før.
- Tallene viser at i juni og desember 2008 økte antall vanlige henvendelser med nesten 100 % sam-

menliknet med årets andre måneder. Forklaringer på dette kan være at fastlegen er mindre tilgjengelig enn vanlig, folk ønsker å få en legetime før sommerferien eller før frikortet går ut til nyttår.

Januar 2009

Totalt 45 henvendelser:

- Av disse er det kun 8 (18 %) som har ringt Bokn legevaktnummer, mens 27 (60 %) har ringt Tysvær legevaktnummer. Resten har vært henvendelser direkte til 113.
- Av de 51 henvendelsene ble kun 5 pasienter lagt inn på sykehus (9 %).
- KI 0800 – 1530: totalt 24 henvendelser (11 på ukedager, 13 i helg)
 - o Av de 11 på ukedagene ble 6 håndtert av lege på Bokn (54 %), 1 oppsøkte egen lege og 4 ble transportert til sykehus for innleggelse eller røntgen.
- KI 1530 - 0800: totalt 21 henvendelser (12 i ukedagene, 9 i helg)

Konklusjon

Befolkningens tendens til å bruke legevakten i Bokn kommune ser ut til å være stabil de siste 2-3 årene. Vi vil på sikt forvente at totalt antall henvendelser til legevakten i 2009 går ned ettersom Bokn legekantor åpnet i 2008 og forhåpentligvis reduserer behovet for å oppsøke legevakt.

Daglegevaktordningen på Bokn synes å fungere. Over halvparten av henvendelsene i kontortid i ukedagene ble håndtert av lege på Bokn.

Statistikken fra AMK viser at befolkningen på Bokn i stor grad bruker telefonnummeret til Tysvær kommune når de kontakter legevakten. Dette gir på sikt et feilaktig bilde av hvordan folk på Bokn bruker legevakten. Bokn kommune må jobbe for å gjøre det kommunale legevaktnummeret bedre kjent.

Vi oppfordrer derfor befolkningen til å bruke det korrekte nummeret for Bokn legevakt som er **52 74 85 22**.



Haugaland Interkommunale Miljøverk- HIM er et avfallselskap som eies av kommunene Bokn, Etne, Tysvær, Vindafjord og Haugesund. Selskapet ble etablert i 2006 ved at Renovasjonsavdelingen i Haugesund kommune og Toraneset Miljøverk IKS slo seg sammen.

Selskapet har totalt 42 ansatte inklusiv 7 ansatte fra Hella Transport og driver Årabrot Miljøpark i Haugesund og Toraneset Miljøpark i Vindafjord.

De ansatte behandler ca 56 075 000 kilo avfall årlig. Dette hentes inn fra 23 956 hus-

stander, 3907 hytter og en rekke bedrifter. Til dette benyttes det 11 store renovasjonsbiler og 10 større og mindre anleggsmaskiner.

For å frakte en slik avfallsmengde trengs det over 2200 vogntog. Dette tilsvarer en kolonne fra Haugesund til Ølen!!

Hvorfor sortere?

Hver husstand lager årlig ca 1164 kilo avfall. Av dette går ca halvparten til gjenvinning og blir til nye pizzaesker, bæreposer, isolasjonsmaterialer og andre nyttige ting. Ved å

kildesortere tar du altså vare på ressursene!

I tillegg inneholder en del avfall farlige stoffer. Visste du forresten at lysstoffrør og sparepærer inneholder kvikksølv? Ved å sortere eget avfall sparer du miljøet ved at giftige stoffer ikke slippes ut i naturen!

Framtidens kildesorteringsordning

I likhet med den nasjonale målsetning har HIM bestemt seg for at minst 75% av avfall skal sorteres. Som et ledd i gjennomføringen av vår plan vil restavfallsdeponiet ved Årabrot Miljøpark i Haugesund legges ned fra 1. juli i år. Restavfallet som i dag blir



deponert, vil i framtiden omskapes til energi som gir oss lys og varme.

I tillegg skal innsamlingsordningen forbedres fra nyttår ved at hver husstand får utdelt egen beholder for papiravfall. Alle abonnenter vil også få tilbud om sortering av plastemballasje. Dette vil gjøre at den enkelte får



Avfallsdunk for papir, rest og matavfall samt sekk for plastemballasje.

hentet sitt papiravfall hjemme. I tillegg vil utsortering av plastemballasje gi de fleste bedre plass i egen restavfallsbeholder. Plukkanalyser tyder på at plastemballasje utgjør ca 50 % av volumet i dagens restavfall.

HIM vil informere godt om endringene som kommer, men er fortsatt avhengig av et godt samarbeid med den enkelte husstand for at ordningene skal fungere.

Vi vil også gjerne vise dere våre flotte nye nettsider; him.as. På disse kan du bla. se hva som er dine tømmedager.

Fakta:
Navn: Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM)
Eierkommuner: Haugesund, Bokn, Etne, Tysvær og Vindafjord
Antall husstander: 23 956
Antall hytter: 3970
Anlegg: Årabrot og Toraneset Miljøparker 35 + 7
Antall ansatte: 35 + 7
Årlig avfallsmengde: 56 075 000 kilo



Sortering og pakking av maling før videresending

Næringsliv

Privat

Du er velkommen med gratis takkeannonse i Bygdabladet!

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.

Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.

Pris pr. dag kr. 100,- + moms for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike til-stelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjå-førar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltlf. til disposisjon.

For å avtala tid, ring dette nr. - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren -

- Kr. 3,- pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 100,-



94 14 47 35



coop
marked

COOP MARKED BOKN

coop
marked

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

PERSONFORSIKRING

Trygghet for deg og dine



BANK. FORSIKRING. OG DEG.

SpareBank 
SR-BANK



15 naust
med båt plass
TIL SALGS
- og utleige av
båtplasser

FØRESVIK MARINA

ny småbåthavn på Bokn

Bygg og kaianlegg AS har under prosjektering ny småbåthavn i Føresvik. Vi har for salg 15 naust med båt plass. Hvert naust har innlagt strøm, med mulighet for innlagt vann/toalett.

Området har også eget parkeringsområde ved naustene. Ett av naustene har mulighet for oppdeling i mindre enheter.

Kort vei til bonkringsstasjon

Prosjektoppstart 1.april 2009 • Interesserte kan ta kontakt for mer informasjon



bygg & kaianlegg

Bygg og Kaianlegg AS • Bøneset, 4260 Torvatad • Tlf 915 79 901 • E-post olej@byggogkaianlegg.no • www.byggogkaianlegg.no

Kommunale telefonnumre og e-post-adresser			LEGEVAKTEN: 52 74 85 22
Funksjon	Namn	Tlf.	E-post
Ordfører	Kyrre Lindanger	52 75 25 03 - 91 67 17 26	kyrre.lindanger@bokn.kommune.no
Rådmann	Jan Erik Nygaard	52 75 25 01 - 98 22 15 01	jan.erik.nygaard@bokn.kommune.no
Økonomi			
Økonomisjef	Solrunn Alvestad	52 75 25 02 - 98 22 15 02	solrunn.alvestad@bokn.kommune.no
Rekneskapsansvarleg	Norunn Jordbrekk	52 75 25 07	norunn.jordbrekk@bokn.kommune.no
Skatteoppkrevjar	Lindy Haram	52 75 25 09	lindy.haram@bokn.kommune.no
IT			
IT-konsulent	Ture Kristiansen	52 75 25 20 - 99 09 53 14	ture.kristiansen@bokn.kommune.no
Servicetorg			
Servicetorgleiar	Gro Sørensen	52 75 25 10 - 98 22 15 00	gro.sorensen@bokn.kommune.no
Førstesekretær	Annette Bokneberg	52 75 25 11	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Helse, sosial, barnevern			
Seksjonssjef	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Barnevernleiar	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Sjukestova		52 75 25 30	
Legekontor		52 75 25 40	
Kommunelege	Dag-Helge Rønnevik	52 75 25 40	dag.helge.ronnevik@bokn.kommune.no
Sosialsjef	Reidar Alvestad	52 75 25 04 - 98 22 15 04	reidar.alvestad@bokn.kommune.no
Psykiatrisk sjukepleiar	Miriam Berland	52 75 25 36 - 40 41 05 70	miriam.berland@bokn.kommune.no
Helsesøster	Henriette S. Lindanger	52 75 25 43 - 46 93 69 65	henriette.lindanger@bokn.kommune.no
Kultur, skule, barnehage			
Seksjonssjef	Dag Halvorsen	52 75 25 50 - 90 72 80 92	dag.halvorsen@bokn.kommune.no
Rektor	Ingjerd Ellingsen	52 75 25 51 - 98 22 15 11	ingjerd.ellingsen@bokn.kommune.no
Skulekontor	Annette Bokneberg	52 75 25 69	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Kultursjef	Jardar Havikbotn	52 75 25 08 - 98 22 15 08	jardar.havikbotn@bokn.kommune.no
Barnehagestyrar	Tone Børgesen	52 75 25 70	tone.borgesen@bokn.kommune.no
Biblioteksjef	Linda Ognøy	52 75 25 45	linda.ognoy@bokn.kommune.no
Teknisk			
Seksjonssjef	Hans Faye	52 75 25 05 - 98 22 15 05	hans.faye@bokn.kommune.no
Kommuneingeniør	Unni Høivik	52 75 25 06 - 98 22 15 14	unni.hoivik@bokn.kommune.no
Post til Bokn kommune			post@bokn.kommune.no
Post til Bygdabladet for Bokn			post@bygdabladet.no

Div. tenester på Boknatun

BOKN LEGEKONTOR

Hver tirsdag og fredag samt torsdager i partallsuker.
Åpningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkelig hjelp: Bokn Legevakt:
52 74 85 22 (hele døgnet).
Dr Rønnevik er på Bokn hver dag og kan ta imot øyeblikkelig hjelp dersom behov.
Ved livstruende tilstand: 113.

Timebestilling på internett eller SMS.
Se www.bokn.no for mer info.

Listen fylles opp, men det er fortsatt ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Trenng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98
Mariann Skjelde - aktivtør

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun kl. 9.00 – 12.00.
Direkten. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. **52 75 71 75**
Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredagar kl. 8-15.30 -
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil
46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster



NAV BOKN TRYGD

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smarter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling
tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

HEIMESIDE:
<http://sites.google.com/site/boknfotterapi/>

Rita Bokneberg - fotterapeut

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kvar måndag kl. 08-15, førebels fram til august.

Tannpleiar på Boknatun kvar onsdag fram til sommaren.

Tlf. 52 75 25 80

Div. tenester på Boknatun

Kulturprisen 2009

Av ulike grunnar blei det ikkje utdelt kulturpris for 2007.

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2009.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nær-miljøet i Bokn kommune.

Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trostnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger S. Bokneberg	2003
Songtrioen	2005

(Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen, May Jorunn Vatnaland)

Stikkord for desse personane har vore:

Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og for-teljarevne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eld-sjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging, støttearbeid, spre glede, mangfold og kvalitet .

Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.

Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkontoret (jardar.havikbotn@bokn.kommune.no) og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.

Ny frist: 15. juni



Klar melding fra Utsira – Det va kjekt på Bokn!

Kari Christensen

Utsira-helg i Kro

Første helga i mai fikk Kro gård/Krovågen Hestesenter på Austre Bokn besøk fra Utsira skole. Femten ivrige barn og ungdommer flyttet inn på tunet sammen med tre voksne. Og både nye og gamle hus ble tatt i bruk for å huse en såpass stor gruppe.

Først og fremst kom gruppa til Kro for fellesskapets del, for å ha en sosial helg i nye omgivelser. I tillegg var de interessert i å lære mer om hester og ridning – og selvsagt var de nysgjerrige på hvordan folk har det her på Bokn.

Kart og kompass på tur

Fra Kjekt på Bokn-prosjektet fikk ungdommene en turpakke med kart, kompass og refleksevest, en gave de satte veldig stor pris på. På lørdag tok de turen til topps på Boknafjellet

i lag med en representant fra Turistforeningen. Dermed ble det også litt undervisning i bruk av kompass underveis. Søndag sto åpning av badesongen for tur, med årets første sjøbad i Krovågen. Badetemperaturen ble ikke målt, men "friskt" er vel et nogenlunde dekkende ord ?

Sko gjerne skrive ei bok ...

De fleste av deltakerne hadde minimal erfaring på hesterytten, og det ble en del aha-opplevelser underveis. Alle tok del i stell av hester og staller, og fikk ri, kjøre og ri viltige (turning på hesteryggen). Andre aktiviteter var hesteskokasting, ponnyløp og fotballtrening.

Her er noen av tilbakemeldingene etter leiren :

"Eg bada. Det var litt kaldt. Kjekke leker, god mat, kjekke hestar og Kari og Olav va snille."

"Eg syns adle dyrene va tipp-topp. Spesielt Aria og Victoria Bat Cat. Eg trivdes veldig godt på hesteryggen, lerte masse nytt og sko gjerna skrive ei bok om koss eg har hatt det."

"Eg savne Black Shadow allerede. . . Verdens kjekkaste tur ! Eg kjem kanskje i sommar."

"Nydelig plass. Eg vil kanskje kjøpa meg ein islandshest, det va så kjekt med dei gangartane."

Ja, ja - er det noe sak å arrangere leir, når vi har det så kjekt på Bokn ?

